

Mini-skodespel om Lars Skrefsrud (1840-1910)

*Kilde: Boka om Lars O. Skrefsrud (Kerap - Jungelfolkets høvding)
av Olav Hodne.*

Innleiing:

For 160 år sidan (i 2010, er det 170 år sidan) vart det født ein gut - Lars Skrefsrud på ein liten husmannsplass ved Lillehammer.

Veit de forresten kva ein husmannsplass er?

Han budde i ei bitte liten, kald stugu med mange sysken. Mamma`n hans var veldig snill og arbeidde og arbeidde. MEN det som var tristare enn at dei var fattige var at pappa`n hans drakk seg full heile tida.....

Lars trudde på Jesus som mamma`n hans hadde fortalt han om.

Men då Lars vart ungdom så fann han seg feil kamerater, som drakk øl og...

Forteljar: Hysj - høyr - kva er det?

Lars: (kjem bråkande inn - full - sparkar i veggen)

Mamma er død - det kan vera det same med alt....

Forteljar: Ja, men - du har jo far din...

Lars: (høg - vond latter) Far min - trur du han er noko bedre enn meg?

Forteljar: Men du Lars, det er ikkje lurt å drikke øl og brennevin og slikt. Då er det så.. lett å gjera ting som du angrar på seinare....

Lars: Det har eg alt gjort!!

No skal eg ut å bryte opp..... (seier mens han går sjanglande ut)

Forteljar:(ropar): Lars - Lars! (Men Lars smell att døra).

Forteljar/S-klubbledaren: Korleis trur de at det går med han Lars?

De skjønar at det de såg no var eit skodespel der Solveig hadde kledd seg ut som Lars. MEN det de såg no har skjedd på ordentleg for meir enn 100 år sidan.

Neste gong skal me i S-klubben til "Tjuvhøla". Kva skjer der trur de? Lars Skrefsrud er død for 100 år sidan, men kanskje møter me nokon som har kledd seg ut som Lars og som kan fortelja oss korleis det gjekk med han. Trur de Lars vart ein tjuv?

SCENE II: I "Tjuvhøla".

Forteljar: Næmen, Lars - sit du her. Kva er det som har skjedd med deg?

Lars: Eg er ein tjuv - eg har stole masse og no er eg redd for at politiet skal oppdage det. Og så veit eg at om mamma hadde levd så hadde ho vore immari lei seg.

Mamma fortalde meg alltid om Jesus...

Og så hadde eg sett ei slik fin jente burt på ein gard her (lågt): Anna Ons....

Forteljar: Var det Anna du sa?

Lars: (sit med hovudet i hendane – ristar berre på hovudet og vil ikkje svara)

Forteljar: Hm.. Anna... Kanskje me treffer ho - som skodespelar - på neste S-klubb? Trur de at dei blir kjærestar? Men går det an å bli kjærest med ein tjuv?

SCENE III: Dina og Anna.

Systemene Dina og Anna Onsum går og pratar saman:

Dina: Tenk - han Lars har kome i fengsel.....

Anna: Han har ikkje hatt det så lett etter at mamma`n hans døydde! Me må hjelpe`n.

Dina: Er du rusk! Ein gong tjuv - alltid tjuv!

Anna: Me kan be for han.

Dina: Trur du det kan hjelpe han då?

Anna: JA!! Og eg vil skrive til han, og kanskje besøke han også...Han er egentleg slik ein GOD gut.....

Dina: Har det klikka heilt for deg eller.....?

SCENE IV: På besøk i fengselet.

Fengselsbetjenten sit bak eit bord og arbeider. Anna kjem inn.

Anna: Eg skal besøke han Lars Skrefsrud!

Betjenten: NEI! Det går ikkje ann. Han er ein tjuv!

Anna: Vær så snill!!! Eg heiter Anna Onsum.

Betjenten: O.K. då, men berre ei lita stund.

Anna: God dag, Lars og takk for sist!!

Lars: (mumlar noko som liknar på God dag) Kva vil du her?

Anna: Eg ber for deg, Lars. Og Gud ville at eg skulle besøke deg.

Lars: Gud er ikkje glad i meg lenger - eg er ein tjuv!!

Anna: Lars, Gud er glad i alle han - deg også!!

Lars: Er du sikker på det?? Du er altfor snill du, Anna....

Anna: Ha det bra, Lars. Hugs - eg skal fortsetja å be for deg! Eg kjem snart att....

SCENE V: I fengselet.

Fengselsbetjenten: Du har forandra deg i det siste, Lars.

Lars: Det var ei jente på besøk her. Ho sa at ho ba for meg og at Gud er glad i meg.

Betjenten: Kanskje du vil låne ei bok av meg som handlar om ein fattig gut som heitte Peter. Han skjønte at skulle han få gjort noko så måtte han lesa og gå på skule. Og veit du kva - han vart misjonær i India....

Lars: Men eg er ein tjuv.. (pause). Jau, eg vil låne den boka!!!

Betjenten gir Lars boka.

SCENE VI: Lars blir kristen i fengselet.

Lars sit og les - og les. Han har mange bøker på bordet. Les litt tysk (seier halvhøgt nokon tyske ord).

Lars: (seier halvhøgt) Det var nok tysk for i dag - men kvar er Bibelen tru?

Les i Bibelen. Blir kjempeglad!! Står opp, hoppar litt o.s.b. Begynner å lesa i

Luk.2.11:

Lars: **I dag er.....** (les heile verset høgt) HURRA!! HALLELUJA!!

Då er jo Jesus Frelsaren min også! (Les vidare): **Joh.3.16** (blir endå gladere).

(Begynner å synge, kjempehøgt): **Da Jesus satte sjelen fri...**

Midt i sangen kjem fengselsbetjenten farande inn og er bekymra for Lars. Kjenner etter i panna hans om han har feber.

Fengselsbetjenten: Er alt i orden med deg, Lars?

Lars: Ja, eg har aldri vore friskare!

Veit du - no har eg vorte ein kristen. Gud er glad i meg og. Han har tilgitt meg alt det galne eg har gjort! Og Gud vil at eg skal bli misjonær!

Lars: (seier til alle medfangane): No trur eg på Gud og eg vil bli misjonær!

Dei andre fangane: (peikar) Ha, ha!

Misjonær! Ha, ha!

Nei, sjå der er misjonæren!

SCENE VII: Fri mann!

Lars sit og les (som vanleg). Fengselsbetjenten kjem farande inn:

Betjenten: Lars, du skulle koma til fengselsdirektøren med ein gong.

Lars: Kva vil han?

Betjenten: Det får du snart greie på - trur du blir glad!

Lars går ut og bankar på døra til fengselsdirektøren.

Direktøren: Kom inn!

Lars: (litt nervøs): Du ville visst prate med meg.

Direktøren: Ja. Vær så god og set deg, Lars Skrefsrud.

No har du siti i Botsfengselet i snart tre år. I dag kan du begynne eit nytt avsnitt i livet ditt. Du er fri mann no, Lars. Eg har berre godt å seia om deg og det har eg skrivi i denne attesta (gjev Lars eit ark).

Som du skjønar så blir det ikkje berre lett for deg utom fengselet. Men kanskje denne attesta vil gjera det lettare for deg når du skal søke arbeid. LARS!! Hugs berre å vera ÆRLEG heile tida - så skal det gå deg godt i verda. Takk for no, Lars! (Reiser seg og tek Lars i handa).

Lars: Takk for dei gode orda og attesta. Gud vil vera med meg - og så veit eg om ei jente som ventar på meg.....

Direktøren: Lykke til, Lars. Ha det godt!

Lars: Ha det godt!

Medan Lars går ut seier han halvhøgt: Takk Gud!

SCENE VIII: Jobbsøker!

Lars går rundt med attesta si og spør "S-klubb-barna" om dei har arbeid til han.

Alle barna svarer: *Nei! Du har siti i fengsel!*

Lars blir lei seg.

Lars kjem heim til Herr og Fru Pedersen. Drikk kaffi og pratar.

Herr Pedersen: Fekk du noko arbeid i dag.

Lars: Nei.

Fru Pedersen: Du kan prøve att i morgo. Då ordnar det seg nok. Hugs: Gud er med deg! Og hjå oss kan du bu så lenge du vil.

OG SÅ, nokon dagar seinare:

Herr og Fru Pedersen sit og drikk kaffi. Lars kjem stormande inn døra

Lars (høgt og glad): Eg har fått meg arbeid!

Fru Pedersen: No vart me vel glade! Men set deg no ned, Lars, og få deg ein kaffi-kopp. Fortel.....

Lars: Eg har fått meg arbeid på Nylands mekaniske verksted. No må eg skrive til Anna.....

Herr Pedersen: Anna?

Lars: (ser glad og draumande ut): Anna er ei jente som besøkte meg i fengselet.

Ho ba for meg og sa at Gud er glad i meg! Og så.....

Herr Pedersen: Og så?

Lars: Ja, og så er me glad i kvarandre. Men.....

Fru Pedersen: Men kva.....?

Lars: Mor og far hennar vil ikkje at ho skal gifte seg med ein som har siti i fengsel.

Herr Pedersen: Me får be saman.

Kjære Jesus. Takk for at Lars har fått seg arbeid. Visst du vil at Anna og Lars skal gifte seg, så må du ordne det. AMEN.

SCENE VIII: Veggen vidare...

Herr Pedersen sit og skriv ved eit bord. Lars bankar på døra.

Herr Pedersen: Kom inn. God dag, Lars!

Lars: No må du ikkje le av meg. Gud har sagt til meg at eg skal reise ut som misjonær. Eg likar å bu her hjå dykk, og eg trivst med arbeidet mitt, MEN...

Herr Pedersen: Vil du gje meg Bibelen min.

Lars kjem med Bibelen. Pedersen set på seg brillene - slår opp i Bibelen - set fingeren på eit vers og ber Lars om å lesa.

Lars les: **1. Kor.1.28: Det som står lågt i verda....** (han les heile verset).

Lars gjev Bibelen attende til Pedersen som sler den att.

Lars: Du Pedersen, då er det nok best at eg reiser til misjonsskula til "Det Norske Misjonsselskap" i Stavanger, og melder meg til teneste.

Pedersen: Du veit eg og kona mi er veldig glad i deg. Du kunne bu her så lenge du vil. Men det er bra at du gjer det Gud vil. Lykke til i Stavanger og God tur! Me vil alltid be for deg!

Lars: Eg er djupt takknemmeleg for alt de har gjort for meg. TAKK! Eg håpar me sjåast att? No får eg skrive til Anna.....

SCENE X: I Stavanger.

2 gutar (nesten vaksne) sit med bøker og arbeider. Det er ein setning på latin dei ikkje forstår. Les for eksempel: *Laudate omnes gentes - laudate dominum.*

Lars ser og høyrer det, kjem og spør.

Lars: Er det noko de ikkje forstår?

Ola: Å, det er nok ikkje noko du har greie på.

Knut: Det er latin.

Lars: Sei ikkje det. Får eg sjå? *Laudate omnes gentes - laudate dominum.*

Det betyr: Guds miskunn varer evig. Guds kjærlighet er stor.

Ola: Når i all verden har du lært latin? Arbeider du ikkje hjå ein smed her i byen?

Lars: Jau, men eg likar å lære språk. No er eg spent på svar på om eg får lov til å bli misjonær.

Styreformannen i Misjonsselskapet ropar på Lars.

Lars: Eg får skunda meg.

Dei helsar på kvarandre.

Styreformannen: Misjonærvegen er nok ikkje noko for deg. Når me seier det, så kan du vera sikker på at du skal vera her i Norge resten av livet.

Du veit du har vore i fengsel og

Lars: Ja, men - eg er HEILT SIKKER på at Gud vil at eg skal reise ut som misjonær.

Og eg har også ein kjærrest å tenkja på.....og.....

Styreformannen: Svaret er NEI!!!

Lars gret nesten . Han går ut. Er veldig lei seg

SCENE XI: Og så....

Mor og far til Anna sit ved bordet og drikk kaffi. Anna kjem inn, glad og ivrig.

Anna: I dag blir Lars innvigd som misjonær i Tyskland. Veit de ko: han har lært på eit år det dei andre har brukt 3-4 år på å lære - og så på tysk!

Til sumaren har me lyst til å gifte oss!

Far Onsum: Men Anna - detta har me prata om før... Lars har siti i fengsel og.....

Det finnst så mange andre kjekke gutar.....

Anna: Det som er heilt sikkert. Får eg ikkje lov til å gifta meg med Lars, så vil eg ikkje gifte meg!!!! (Går bestemt ut, men ikkje sinna)

Mor Onsum: Detta er vanskeleg. Me får be Gud om hjelp.

Kjære Jesus. Du ser Anna og Lars. Må det bli mellom dei som du ser det best. AMEN.

Skrivi av: Sebjørg Marie Jordheim – 2000.

Alle barna i S-klubben i Hemsedal fekk eit kort fra Skrefsrudstua det året og der hadde Sebjørg skrivi:

Dette S-klubb året har me vorte bedre kjent med Lars Skrefsrud (1840-1910). Derfor får de dette kortet frå Skrefsrudstugu. Lars var frå ein husmannsplass ved Lillehammer. Dei var veldig fattige, ikkje minst fordi faren drakk. Då mor til Lars døydde, byrja Lars å stela. 18 år gamal fekk han 4 års fengselstraff.

Men fengselopphaldet vart ikkje berre trist for Lars. Han fann att barnetrua si, og byrja å lesa bøker. Dessutan fekk han besøk av ei jente; Anna Onsum.

Lars ville bli misjonær, men ingen i Norge ville ansette han. Derfor reiste Lars til Tyskland og utdanna seg der. Han lærde på eit år det andre brukte 3-4 år på. Den sommaren han vart innvia til misjonær, gifta han seg med Anna. Saman reiste dei til India og til santalfolket der.

Det får de høyre meir om neste (eit anna) år.....